



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Rikke Haagensen		23/392

DELEGERT MYNDE FRÅ VALSTYRET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Valstyret oppnemner eit arbeidsutval på 2 medlemmer (leiar og nestleiar) + sekretæren i valstyret som kan ta avgjerd i enkeltsaker og saker som ikkje er av prinsipiell karakter, jfr. kommunelova § 5-7.

Saksopplysningar:

Valstyret i Vaksdal er ansvarleg for å gjennomføre kommunestyre – og fylkestingval i Vaksdal. Etter kommunelova § 5-7 har valstyret høve til å delegere avgjerdsrett i enkeltsaker til leiaren for valstyret, eit arbeidsutval eller leiaren av administrasjonen i kommunen. Høvet til å delegere omfattar enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell karakter

I Vaksdal kommune er det vald eit valstyre på 5 medlemmer frå formannskapet. Møta i valstyret blir som regel halde same dag som møta i formannskapet. Det kan likevel oppstå saker som krev rask handsaming. For å sleppe å kalle inn heile valstyret på kort varsel, kan det vere tenleg å oppnemne eit fast arbeidsutval.

Konkrete enkeltsaker kan delegerast. I tillegg er det gjeve høve til delegering i ”typer av saker som ikkje er av prinsipiell betydning”. Det er ikkje høve til å delegere generell avgjerdsrett i saker som må reknast for å vere av prinsipiell karakter. Kva som er av prinsipiell karakter, må fastsetjast ut frå karakteren av vedtaket og konsekvensane av det. Regelen gjev dermed valstyret eit vidt rom for å vurdere kva som i det enkelte tilfellet er forsvarleg og formålstenleg.

Døme på saker som er av prinsipiell karakter og som skal til Valstyret for behandling er:

- Å ta avgjerder om listeframlegg og tilbakekalling av listeframlegg
- Fastsetjing av ulike fristar
- Stemmestader, stemmekretsar og opningstider
- Oppteljingsmåte
- Oppnemning av stemmemottarar/stemmestyrer
- Behandling av forkasta stemmegjevingar/stemmesetlar
- Godkjenning av valet
- Behandling av evt klagar

Saker som er av reint praktisk art, vil sjeldan ha prinsipiell karakter. Dette vil typisk vere gjeremål som å leggje manntal ut til offentleg ettersyn, kunngjeringar, lage lister over klagar, gje meldingar til veljarar og kandidatar, trykking av røystesetlar og liknande. Prøving og godkjenning av kurante førehandsrøyster er ikkje av prinsipiell karakter og kan såleis delegerast. Men leiaren kan ikkje utføre denne oppgåva aleine, jfr. § 35 i valforskrifta som seier at det må vere minst 2 personar ved opning av røystegjevingar.